



Referat møte i Team Hardanger (TH)

Torsdag 14.03.2024, Bygdahuset i Granvin

Møtte: Mona Hellesnes, Ulvik herad - leiar
Jan Tjosås, Kvam herad
Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune
Randi Rykkje, Ullensvang kommune
Sveinung Føllesdal, Næringshagen i Ullensvang
Administrasjon Hardangerrådet iks Trude Rinaldo

Ikkje møtt: Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord

Agenda:

09.00 - 10.00 Rekruttering i Hardanger og Voss
10.00 - 11.30 Oppstart prosjektet besøksforvaltning, Vestland fylkeskommune
11.30 - 12.00 Team Hardanger
12.00 - 12.30 Felles lunsj
12.30 - 15.00 Kompetanseforum Hardanger Voss

Sakliste

1. Rekruttering i Hardanger og Voss

Framdrift og status v/Sveinung.

- Tydeleg at ungdom ikkje veit kva muligheter dei har i regionen vår.
- Han skal fysisk reisa rundt i kommunane på ei "Signingsferd", for å rekruttera til og skapa engasjement rundt eit nytt Rekrutteringsforum.
- Kaia er godt igang med den digitale platforma.
- Det finnst mange fjernkontor i regionen vår. Dei kan vera vanskeleg å finna.
- Arbeidsgruppe Bulyst - er eit ansvar TH får. Alle kommunane har ulik tilnærming.
- Kommunale bidrag er på plass, så no er fyrste prioritet å få på plass næringslivet sitt bidrag.
- Arbeidsgruppa ber om meir informasjon om kva som skjer i prosjektet, treng å alltid vera oppdatert.

Gruppa ønskjer oftare møte i TH

Arbeidsgruppemøter om BUlyst kombinert med TH 17.4.24 i Ulvik. Kalenderinnkalling er sendt ut.

Kjapp oppsummering på kva som må vera klart til neste møte:

- felles side for å dela informasjon
- næringslivet må avklarast
- tilby Tide plass i prosjektet dersom dei melder seg inn.
- styringsgruppe på plass
- arbeidsplan

Kva med unge ambassadørar rundt i kommunane (parallell Ditt ÅRdal: ambassadørar)

2. Oppstart prosjektet besøksforvaltning

TH ønsker at ein har status frå kvar kommune i TH møtene framover vedrørende besøksforvaltningsprosjektet.

3. Status frå kvar kommune, næringshagane og Visit Hardangerfjord

KVAM

Bustadmangel også i Kvam, og få husvære til salgs

Den nye vgs skulen veks fram i Norheimsund, veldig bra!

Hardanger Fartøyvernssenter er igang med sitt store prosjekt.

Kommunen er spent på ny politikk rundt hyttebygging - vil det føra til at ein må stoppa opp?

Tokagjel er satt på kartet. Det er svært gledeleg.

ULVIK

Ny drivar og konsept for kafé i Haugehuset.

Dei skal snart opna den nye heradsstyresalen, nybygg på toppen av heradshuset. Her kjem ny heradsstyresal med publikumsgalleri og eit nytt møterom.

ULLENSVANG

Hardanger Hydrogenhub er formelt stifta.

Det er utfordringar for fleire bedrifter - ulike konkursar.

Bustad: Det er stor utfordring pga aktsomhetskartet. Uansett kva ein gjer, møter ein stor motstand. Ventar svar frå Statsforvaltar.

EIDFJORD

Stor aktivitet i Eidfjord.

Fjernarbeid; Rekruttering; Besøksforvaltning;

Etablerar Guide-skule - dette er naturguiding.

Nasjonalparkkommune - korleis står me på "begge" sider?

Berekraft/Miljø: Har ansett ein person i 30% med fokus på miljøfyrtårnsertifisering.

Aktive i prosjektet: "Grønt hytteliv Vestland"

Har sett opp lokal shuttlebuss til Sysendalen i vinterferien og påske, start på Bu.

Næringshagen

No kjem de desentralisert barnehageutdanning

Arbeider med ei ny samlingsbasert reiselivsutdanning i Odda.

4. Innmeldte saker

ingen innmelde saker.

Referent Trude Rinaldo